



DEN NORSKE KYRKJA

Allmøter for alle tilsette i vår



Som tilsett i Den norske kyrkja er du del av eit stort og meningsfullt arbeidsfellesskap!

I år som i fjor vil vi samle alle tilsette til allmøte siste onsdag i månaden. Allmøta er eit unikt samlingspunkt for alle som jobbar i kyrkja, der du får kjenne på tilhørsrel, lære av kollegaer og få nyttig informasjon.

I vår vert det allmøte på desse datoane: 26. januar, 23. februar, 30. mars, 27. april og 25. mai. Lagre det gjerne i din kalender! Det startar kl 09.00, varer i ein halv time og vert tolka til teiknspråk. Allmøta kan sjåast direkte eller i opptak på kyrkja.no/allmøte.

Dette nyheitsbrevet kjem ut kvar tysdagsmorgon. Her vil du få siste nytt, faglege webinar og ressursar. Har du ein kollega som ikkje får brevet, kan dei [melde seg på her](#).

[Følg allmøtet på kyrkja.no/allmøte](https://kyrkja.no/allmøte)



Trusopplæring til å ta og lytte på

– KABB sin versjon av "Kyrkjeboka mi" er unik, ikkje berre i kyrkjeleg kontekst, men i det å formidle litteratur og illustrasjonar til ikkje-sjåande generelt. Det seier forlagssjef Heidi Jannicke Andersen i IKO-forlaget.

[Les meir](#)



Gratis kurs i Microsoft 365

Kyrkerådet og Kirkepartner inviterer igjen til gratis kurs der du kan lære korleis du kan nytte Teams og Microsoft 365 med OneDrive og SharePoint.

[Les meir](#)



Grøne teologiske ressursar

Det teologiske medvitet og refleksjonen om samanhengen mellom trua på Den treeinige Gud og klima, miljø og berekraft må styrkast. Det slo Kyrkjemøtet fast i 2021. Det er allereie laga gode ressursar for kyrkjelydar, tilsette og interesserte enkeltpersonar. Og nytt materiale er på vei.

[Les meir](#)



Forsoning utan majoritetsbefolkning?

Sannhets- og forsoningskommisjonen som er nedsett av Stortinget granskar fornorskingspolitikk og urett mot samar, kvener/norskfinnar og skogfinnar. 4.-5. mai vert det konferanse der viktige spørsmål vert dørfta.

[Les meir](#)



Fasteaksjonen – inspirasjonssamling

Kirkens Nødhjelp inviterer til digital inspirasjonssamling for fasteaksjonen. Samlinga skjer fredag 21. januar kl. 09-11 – og du vil få viktig input til aksjonen «Håp i en dråpe vann».

[Les meir](#)



Digital rapportering til TONO

Frå 1. januar må alle kyrkjelydar og trussamfunn rapportere digitalt til TONO. – Frå nyttår tek vi ikkje lenger i mot rapportar på papir eller vedlegg til e-post. All rapportering må skje digitalt på Mitt TONO, seier Willy Martinsen som er kommunikasjonssjef i TONO.

[Les meir](#)

Webinar og frukostmøte



Frivilligheittåret 2022 – kva betyr det for Den norske kyrkja?

20. januar kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Trusopplæringsutvalet sin rapport

27. januar kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Frukostmøte: Demokrati- og folkevald-utvalet presenterer sin rapport

28. januar kl 08.30: [Les meir og følg frukostmøtet her](#)

Helheitleg kyrkjelydsplan

3. februar kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Digital fagdag om arbeidet med likestilling, inkludering og mangfald i Den norske kyrkja

8. februar kl 09.00-13.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på ressursbanken.no/webinar

Fekk du med deg desse sakene?



Bøneveke for kristen einskap

Bønneuka for kristen enhet startar idag, og varer fram til 25. januar. Det er ei tverrkyrkjeleg og global hending som starta for over hundre år sidan.

[Les meir her](#)



Oppdatert smittevernrettleiar

Regjeringa gjorde enkelte letting i smitteverntiltaka frå 14. januar 2022. Smittevernrettleiaren på kyrkja.no/korona er oppdatert.

[Les meir her](#)



Biskopar og bispedømeråd har uttalt seg om ny biskop

Ny biskop i borg skal tilsetjast på Kyrkjerådsmøtet 10.-11. februar. Borg bispedømeråd har levert en prioritert liste og biskopane har uttalt seg om kven dei ynskjer.

[Les meir her](#)

Nyheitsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyheitsbrevet i dette skjemaet](#).

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)



DEN NORSKE KYRKJA

krpostmottak@kyrkja.no